



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 23.05.2023
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 08:00 - 10:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Rikke Haagensen epost rikke.haagensen@vaksdal.kommune.no

Fast orientering frå kommunedirektøren.

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
14/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
15/2023	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
16/2023	NY VURDERING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV FLYGEL TIL VAKSDAL KYRKJE - VAKSDAL SOKNERÅD

15. mai 2023

Edvin Hesjedal
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
14/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	23.05.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	23/661

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
15/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	23.05.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	23/661

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Bygdeutviklingsutvalet - 07.03.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 07.03.2023
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 08:00 - 10:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Edvin Hesjedal	H	Utvalsleiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Line Eide Vik	SP	Erlend Hesjedal-Johannessen

Andre møtande:

Rikke Haagensen, Åse Elin Myking

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2023	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2023	REFERATSAKER OG MELDINGAR
03/2023.1	Oversyn for tildeling og utbetaling av bygdeutviklingsmidlar per 01.03.23
03/2023.2	Samanstilling av søknadar om bygdeutviklingsmidlar i mars 2023, med innstilling til vedtak frå administrasjonen.
04/2023	SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GRENDAHUSET FRILUND OG STAMNES



FISKEFESTIVAL 2023 - STAMNES BYGDALAG

- 05/2023 SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR SOM UNDERSKOTSGARANTI FOR VINTERTREFFET 2023**
- 06/2023 SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL BORDTENNISBORD - HUSASTYRET FOR FAGERTUN**
- 07/2023 SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL NYTT FLYGEL I VAKSDAL KYRKJE**
- 08/2023 SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL KULTURARRANGEMENT I REGI AV STANGHELLE KULTUR**
- 09/2023 SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STRIKKEMASKIN - AKTIVITETEN DAGSENTER**
- 10/2023 SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å DEKKJE UNDERSKOT FOR DALEDAGANE 2022**
- 11/2023 SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL ELVEBRUSFESTIVAL FOR UNGDOM 2023**
- 12/2023 SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL VEDLIKEHALD AV AKTIVITETSHUSET SYNKEN**
- 13/2023 SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL KURS I REGI AV VAKSDAL OG MODALEN HUNDEKLUBB**



01/2023: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 01/2023 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2023: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 02/2023 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

03/2023: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:



Referatsakene vert tekne til orientering.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 03/2023 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

03/2023.1: Oversyn for tildeling og utbetaling av bygdeutviklingsmidlar per 01.03.23

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

BYG - sak 03/2023.1 Vedtak/Tilråding:

03/2023.2: Samanstilling av søknadar om bygdeutviklingsmidlar i mars 2023, med innstilling til vedtak frå administrasjonen.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

BYG - sak 03/2023.2 Vedtak/Tilråding:



04/2023: SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GREDDAHUSET FRILUND OG STAMNES FISKEFESTIVAL 2023 - STAMNES BYGDALAG

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stamnes Bygdelag får tildelt kr. 25 000,- i bygdeutviklingsmidlar til nytt kjøkken i Grendahuset Frilund. Tilskotet vert løyvd som eit fast eingongsbeløp, med utbetaling etter innsendt sluttrapport og kostnadsdokumentasjon.

Det vert ikkje løyvd bygdeutviklingsmidlar til etablering av ny vasskjelde for Grendahuset Frilund, grunna tiltaket sin karakter, og sidan det vart gjeve midlar til opprusting av grendahuset i 2022. Jamfør nærare grunngjeving i saksvurderinga.

Det vert ikkje løyvd bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av Fiskefestivalen 2023. Grunngjevinga er at det vart gjeve tilskot til festivalen i 2022, som eit eingongstilskot, og at det ikkje vert prioritert å løyve midlar til festivalar over fleire år, ved årets tildeling. Jamfør nærare grunngjeving i saksvurderinga.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 04/2023 Vedtak/Tilråding:

Stamnes Bygdelag får tildelt kr. 25 000,- i bygdeutviklingsmidlar til nytt kjøkken i Grendahuset Frilund. Tilskotet vert løyvd som eit fast eingongsbeløp, med utbetaling etter innsendt sluttrapport og kostnadsdokumentasjon.

Det vert ikkje løyvd bygdeutviklingsmidlar til etablering av ny vasskjelde for Grendahuset Frilund, grunna tiltaket sin karakter, og sidan det vart gjeve midlar til opprusting av grendahuset i 2022. Jamfør nærare grunngjeving i saksvurderinga.

Det vert ikkje løyvd bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av Fiskefestivalen 2023. Grunngjevinga er at det vart gjeve tilskot til festivalen i 2022, som eit eingongstilskot, og at det ikkje vert prioritert å løyve midlar til festivalar over fleire år, ved årets tildeling. Jamfør nærare grunngjeving i saksvurderinga.

05/2023: SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR SOM UNDERSKOTSGARANTI FOR VINTERTREFFET 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal Underhaldningslag som underskotsgaranti for gjennomføring av Vintertreffet 2023.



Tilskotet er gjeve med utgangspunkt i retningsliner for tilskot til bygdeutvikling.

Tilskotet er knytt til faktisk underskot, dokumentert gjennom godkjent rekneskap.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og naudsynt dokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.03.2025.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 4 stemmer (H-Edvin Hesjedal, AP, KFR, SV) mot 1 stemme (H-Erlend Hesjedal Johannessen) og vart vedteke.

BYG - sak 05/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 50 000.- i bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal Underhaldningslag som underskotsgaranti for gjennomføring av Vintertreffet 2023.

Tilskotet er gjeve med utgangspunkt i retningsliner for tilskot til bygdeutvikling.

Tilskotet er knytt til faktisk underskot, dokumentert gjennom godkjent rekneskap.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og naudsynt dokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.03.2025.

06/2023: SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL BORDTENNISBORD - HUSASTYRET FOR FAGERTUN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Husastyret for Fagertun» får tildelt inntil kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av bordtennisbord for bruk på Fagertun leirstad i Eksingedalen.

Tilskotet utgjer 47 % av budsjetterte kostnadar på kr. 21 200,-.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av faktiske kostnadar etter kostnadsdokumentasjon, med kr. 21 200,- som øvre grense for "godkjent kostnad". Lågare kostnad gjev lågare tilskot.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.03.2025. Etter dette fell løyvinga bort.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023



Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 06/2023 Vedtak/Tilråding:

«Husastyret for Fagertun» får tildelt inntil kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av bordtennisbord for bruk på Fagertun leirstad i Eksingedalen.

Tilskotet utgjer 47 % av budsjetterte kostnadar på kr. 21 200,-.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av faktiske kostnadar etter kostnadsdokumentasjon, med kr. 21 200,- som øvre grense for "godkjent kostnad". Lågare kostnad gjev lågare tilskot.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.03.2025. Etter dette fell løyvinga bort.

07/2023: SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL NYTT FLYGEL I VAKSDAL KYRKJE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i retningslinene for tildeling av midlar til bygdeutvikling, finn ikkje Bygdeutviklingsutvalet grunnlag for å løyve midlar til innkjøp av flygel til Vaksdal kyrkje.

Søknaden frå Vaksdal sokneråd om kr. 15 000,- i tilskot, vert difor avsege.

Tilbakesendingsframlegg:

BU sender saka attende til utfyllande saksutgreiing på bakgrunn av nye opplysningar som har kome inn.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot tilbakesendingsframlegg fremma av Ståle Kallestad Hesjedal (AP). Tilbakesendingsforslaget vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 07/2023 Vedtak/Tilråding:

BU sender saka attende til utfyllande saksutgreiing på bakgrunn av nye opplysningar som har kome inn.

08/2023: SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL KULTURARRANGEMENT I REGI AV STANGHELLE KULTUR



Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 15 000.- i bygdeutviklingsmidlar til Stanghelle Kultur, v/ Stefano Guisti, for innkjøp av forsterkar til lydanlegg og etablering av nettside som formidlingskanal.

Løyvinga er gjeve med utgangspunkt i retningsliner for tilskot til bygdeutvikling, og utgjer 59 % av godkjent kostnad på kr. 25 500,-.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Utbetalinga vert knytt til faktiske kostnad, med godkjent kostnad som grunnlag.

Løyvinga gjed i to år, fram til og med 01.03.2025.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 08/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver inntil kr. 15 000.- i bygdeutviklingsmidlar til Stanghelle Kultur, v/ Stefano Guisti, for innkjøp av forsterkar til lydanlegg og etablering av nettside som formidlingskanal.

Løyvinga er gjeve med utgangspunkt i retningsliner for tilskot til bygdeutvikling, og utgjer 59 % av godkjent kostnad på kr. 25 500,-.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Utbetalinga vert knytt til faktiske kostnad, med godkjent kostnad som grunnlag.

Løyvinga gjed i to år, fram til og med 01.03.2025.

09/2023: SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STRIKKEMASKIN - AKTIVITETEN DAGSENTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje løyvd bygdeutviklingsmidlar til Aktiviteten dagsenter for innkjøp av strikkemaskin til bruk i aktivitetstilbodet som dagsenteret tilbyr.

Grunngjevinga for avslaget på søknaden om kr. 15 000,- i tilskot,- er at tilgjengelege midlar ikkje skal nyttast til tilbod i regi av Vaksdal kommune, som dagsenteret er ein del av, jf. saksutgreiing.



Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 09/2023 Vedtak/Tilråding:

Det vert ikkje løyvd bygdeutviklingsmidlar til Aktiviteten dagsenter for innkjøp av strikkemaskin til bruk i aktivitetstilbodet som dagsenteret tilbyr.

Grunngjevinga for avslaget på søknaden om kr. 15 000,- i tilskot,- er at tilgjengelege midlar ikkje skal nyttast til tilbod i regi av Vaksdal kommune, som dagsenteret er ein del av, jf. saksutgreiing.

10/2023: SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å DEKKJE UNDERSKOT FOR DALEDAGANE 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til foreininga «Daledagane mat og kulturfest», for å dekkje underskot i samband med gjennomføring av Daledagane i 2022.

Tilskotet er gjeve med utgangspunkt i retningsliner for tilskot til bygdeutvikling, og sluttrekneskap for Daledagane 2022.

Tilskotet utgjer 71 % av dokumentert underskot på kr. 70 000,-.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.03.2025.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 10/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til foreininga «Daledagane mat og kulturfest», for å dekkje underskot i samband med gjennomføring av Daledagane i 2022.

Tilskotet er gjeve med utgangspunkt i retningsliner for tilskot til bygdeutvikling, og sluttrekneskap for Daledagane 2022.

Tilskotet utgjer 71 % av dokumentert underskot på kr. 70 000,-.



Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.03.2025.

11/2023: SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL ELVEBRUSFESTIVAL FOR UNGDOM 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 25 000.- i bygdeutviklingsmidlar til å inkludere ungdom under 18 år som målgruppe på Elvebrusfestivalen i 2023.

Tilskotet vert gjeve med utgangspunkt i føremålet med - og retningsliner til - bygdeutviklingsmidlane.

Tilskotet utgjer 62 % av budsjetterte kostnadar på kr. 40 000,-, og skal knytast til faktiske tilretteleggingstiltak med arrangement.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon. Utbetalinga vert knytt til fastsett tilskotsprosent, med kr. 40 000,- som øvre, godkjend kostnad.

Det kan gjennomførast delutbetaling/utbetaling på forskot av inntil 80 % av tilskotet.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.03.2025.

Endringsforslag:

Vaksdal kommune støttar festivalen med kr 40000

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot endringsforslag fremma av Arne Normann (KRF). Endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 11/2023 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune støttar festivalen med kr 40000

12/2023: SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL VEDLIKEHALD AV AKTIVITETSHUSET SYNKEN



Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 20 000.- i bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal vel/Synken for vedlikehald av den gamle arbeidarbustaden Synken, som grunnlag for ålmenn bruk til aktivitetar og opplevingar.

Tilskotet er gjeve med utgangspunkt i føremålet med - og retningsliner til - bygdeutviklingsmidlane.

Tilskotet utgjer 80 % av dokumenterte kostnadar, med kr. 25 000,- om øvre, godkjent kostnad.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon. Oversyn for gjennomført dugnadsarbeid skal leggjast ved.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.03.2025.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 12/2023 Vedtak/Tilråding:

Bygdeutviklingsutvalet løyver kr. 20 000.- i bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal vel/Synken for vedlikehald av den gamle arbeidarbustaden Synken, som grunnlag for ålmenn bruk til aktivitetar og opplevingar.

Tilskotet er gjeve med utgangspunkt i føremålet med - og retningsliner til - bygdeutviklingsmidlane.

Tilskotet utgjer 80 % av dokumenterte kostnadar, med kr. 25 000,- om øvre, godkjent kostnad.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av sluttrapport, med betalingsoppmoding og kostnadsdokumentasjon. Oversyn for gjennomført dugnadsarbeid skal leggjast ved.

Løyvinga gjeld i to år, fram til og med 01.03.2025.

13/2023: SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL KURS I REGI AV VAKSDAL OG MODALEN HUNDEKLUBB

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal og Modalen hundeklubb, v/ Wenche Mari Helle, får tildelt kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av to aktivitetskurs for hund, høvesvis kurs i blodspor og «rallykurs».

Tilskotet vert løyvd som eit fast beløp, og utgjer 71 % av budsjetterte kostnadar på kr. 14 000,-.



Heile tilskotet skal nyttast til å finansiere deltakaravgifta med bakgrunn i kostnadane ved leige av instruktørar, inkludert reiseutgifter.

Tilskotet skal nyttast slik at ungdom under 18 år får ei lågare deltakaravgift enn andre. Det skal ikkje gjerast forskjell i deltakaravgift mellom medlemmar og ikkje medlemmar av klubben.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.

Bygdeutviklingsutvalet 07.03.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

BYG - sak 13/2023 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal og Modalen hundeklubb, v/ Wenche Mari Helle, får tildelt kr. 10 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av to aktivitetskurs for hund, høvesvis kurs i blodspor og «rallykurs».

Tilskotet vert løyvd som eit fast beløp, og utgjer 71 % av budsjetterte kostnadar på kr. 14 000,-.

Heile tilskotet skal nyttast til å finansiere deltakaravgifta med bakgrunn i kostnadane ved leige av instruktørar, inkludert reiseutgifter.

Tilskotet skal nyttast slik at ungdom under 18 år får ei lågare deltakaravgift enn andre. Det skal ikkje gjerast forskjell i deltakaravgift mellom medlemmar og ikkje medlemmar av klubben.

Tilskotet vert betalt ut etter sluttrapport med kostnadsdokumentasjon.



Kommunalsjef Åse Elin Myking orienterte om:

- Innkallingen til dagens møte.
 - Ein søknad til har kome etter at søknadsfristen har gått ut.
 - Det har kome ein mail frå soknerådet på Vaksdal, tilleggsinfo.
- Åse Elin Myking svarar på spørsmål til orienteringa.

Mona Grenasberg (SV) kom til møtet kl 08.15, og var med på avrøysting frå og med sak 04/2023.

Ståle Hesjedal Johannessen (AP) tok opp spørsmålet om utvalet skal evaluere vedtektene til bygdeutviklingsutvalet. Utvalet drøfta temaet.

Arne Normann (KFR) tok opp intensjonen til bygdeutviklingsutvalet som tema. Utvalet drøfta temaet.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
16/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	23.05.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	23/13

NY VURDERING AV SØKNAD OM TILSKOT TIL INNKJØP AV FLYGEL TIL VAKSDAL KYRKJE - VAKSDAL SOKNERÅD

Vedlegg:

SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL NYTT FLYGEL I VAKSDAL KYRKJE

Ad søknad om bygdeutviklingsmidlar

Om Vaksdal sokn og sokneråd

Tilleggopplysingar til søknad om bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av orgel til Vaksdal kyrkje

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

ALTERNATIV 1:

Med bakgrunn i retningslinene for tildeling av midlar til bygdeutvikling, finn ikkje Bygdeutviklingsutvalet grunnlag for å løyve midlar til innkjøp av flygel til Vaksdal kyrkje.

Grunngjevinga for avslaget er at soknerådet som organisasjon, ikkje i tilstrekkeleg grad, ligg innanfor målgruppa for bygdeutviklingsmidlane, og at bruken av flygelet i hovudsak vil liggje på sida av kva type tiltak midlane skal vere med å fremje.

Søknaden frå Vaksdal sokneråd om kr. 15 000,- i tilskot, vert difor avslege.

ALTERNATIV 2:

Med bakgrunn i retningslinene for bygdeutviklingsmidlane, løyver Bygdeutviklingsutvalet kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal sokneråd for innkjøp av flygel til bruk i Vaksdal kyrkje.

Bakgrunnen for løyvinga er at flygelet vil medverke til utvikling av musikk- og kulturlivet i bygda, og kome ålmenta til nytte.

Løyvinga utgjer 7 % av innkjøpskostnaden på kr. 216 000,-.

Tilskotet vert betalt ut etter innsending av betalingsoppmoding, med sluttrapport og kostnadsdokumentasjon.

Løyvinga gjeld i to år, fram til 01.06.2025. Tilskotet vert trekt attende etter dette.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal sokneråd søkte i søknad av 03.02.23, om kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av flygel til Vaksdal kyrkje. Flygelet skal nyttast til tradisjonelle kyrkjelege aktivitetar, og ved ulike musikk- og kulturarrangement for ålmenta (konsertar m.m.).

Kommunedirektøren gjorde framlegg om avslag på søknaden til møtet i Bygdeutviklingsutvalet i mars 2023. Grunngevinga vart gjort med utgangspunkt i retningslinene for bygdeutviklingsmidlane. Argumentasjonen vart knytt til type organisasjon som søker er, og at tiltaket ikkje vart vurdert til å ha brei nok, ålmennyttig karakter.

Soknerådet sendte inn presiseringar om bruken/nyttan av flygelet etter innsendt søknad, med vekt på musikk- og kulturarrangement for ålmenta (konsertar, m.m.).

Brevet frå soknerådet vart lagt fram for Bygdeutviklingsutvalet på møtet den 07.03.23. På bakgrunn av dette, vart ikkje søknaden om midlar handsama, men sendt attende til administrasjonen for ny vurdering.

Kommunedirektøren har no utforma to, alternative framlegg til vedtak i saka, som grunnlag for handsaming på møtet i Bygdeutviklingsutvalet den 23.05. Eitt framlegg for, og eitt framlegg imot å gje tilskot.

Bakgrunn for saka

I søknad av 03.02.23, søkte Vaksdal sokneråd om kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av flygel for bruk i Vaksdal kyrkje.

I samframstillinga til møte i Bygdeutviklingsutvalet den 07.03.23, innstilte Kommunedirektøren på å ikkje gje tilskot til tiltaket. Grunngevinga var at innkjøpet av flygel ligg på sida av intensjonen med bygdeutviklingsmidlane, både ut frå kven som står som søker og søknaden sin karakter, sjølv om grensegangen kan vere vanskeleg å trekkje, etter Kommunedirektøren si vurdering.

På bakgrunn av VP sin omtale av saksinnstillinga i førekant av handsaminga i Bygdeutviklingsutvalet, sendte soknerådet ei skriftleg presisering av søknaden, med vekt på soknerådet sitt frivillige arbeid og kva tyding det nye orgelet kan gje for kulturlivet i bygda.

Tilleggsinformasjonen frå soknerådet vart lagt fram for Bygdeutviklingsutvalet på møtet, som vedtok å sende søknaden attende til administrasjonen for ny handsaming.

I brevet frå soknerådet, er det spesielt lagt vekt på følgjande forhold:

- «At mykje av arbeidet i soknet i realiteten er frivillig arbeid sjølv om det handlar om «Den norske kyrkje».
- At flygel ikkje er eit naturleg fast inventar i kyrkja. Som eit tillegg til kyrkjeorgelet vil flygelet bidra positivt både under kyrkjelege seremoniar, gudstenester og til kulturlivet i bygda. Vaksdal kyrkje var bygd i 1933 og har fram til no hatt piano, ikkje flygel.
- At soknet ikkje har eigne budsjettmidlar til innkjøp av flygel.

- *Innkjøp av flygel til Vaksdal kyrkje er ei investering for framtida som vil kunne bidra til utvikling av mellom anna musikk og kulturliv».*

Kommunedirektøren viser elles til brevet frå soknerådet i sin heilskap, og til administrasjonen si opprinnelige innstilling som opplysingar i saka, sjå vedlegg.

Formelt grunnlag:

- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 2605.20.
<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Vurdering og konsekvensar:

Mykje av arbeidet i regi av soknerådet, er knytt til tradisjonell, kyrkjeleg og religiøs verksemd i samband med arrangement og trus-opplæring. Men kyrkja som samlingstad i bygda, har også breiare funksjon og bruk, i form av ulike, kulturelle og musikalske arrangement for ålmenta, der innkjøpt flygel inngår i bruken. Dette er tiltak som er innanfor føremålet til bygdeutviklingsutvalet, gjennom å fremje engasjement, aktivitet og trivnad for ålmenta («alle»). Likevel vil den primære verksemda i kyrkja, med bruk av orgelet, vere knytt til arbeid/tilbod inn mot kyrkjelyden/ menigheita, slik som Kommunedirektøren forstår saka.

Kommunedirektøren utdjupa ikkje saka ytterlegare, men viser til søknaden sitt innhald, og presiseringane frå soknerådet i etterkant.

Det kan vere vanskeleg å trekkje ei grense for kva som er innanfor føremålet med bygdeutviklingsmidlane, og ikkje, spesielt i gjeldande sak. Tilskotsbeløpet det vert søkt om, er ikkje stort, og det er lagt ned vesentleg, lokal innsats for å finansiere innkjøpet av flygelet. Men søknaden har likevel nokre moment og karaktertrekk med prinsipiell og premissgjevande verknad (presidens), som det vil vere viktig å ta stilling til ved ei handsaming.

Ut frå saka sin karakter, vel difor Kommunedirektøren å leggje fram ei delt innstilling, med to alternative framlegg til vedtak; eitt for og eitt imot å gje tilskot.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2023	Bygdeutviklingsutvalet	PS	07.03.2023

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223, FA-V12	23/13

SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL NYTT FLYGEL I VAKSDAL KYRKJE

Vedlegg:

Søknad bygdeutvilingsmidlar
Budsjett flygel revidert pr 03.01.2023
Frida med vener - Konsert 01.12.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i retningslinene for tildeling av midlar til bygdeutvikling, finn ikkje Bygdeutviklingsutvalet grunnlag for å løyve midlar til innkjøp av flygel til Vaksdal kyrkje.

Søknaden frå Vaksdal sokneråd om kr. 15 000,- i tilskot, vert difor avslege.

Tilbakesendingsframlegg:

BU sender saka attende til utfyllande saksutgreiing på bakgrunn av nye opplysningar som har kome inn.

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 07/2023

BYG - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot tilbakesendingsframlegg fremma av Ståle Kallestad Hesjedal (AP). Tilbakesendingsforslaget vart samrøystes vedteke.

BYG - Tilråding/Vedtak:

BU sender saka attende til utfyllande saksutgreiing på bakgrunn av nye opplysningar som har kome inn.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune har kr. 500 000,- i bygdeutviklingsmidlar til fordeling mellom aktivitets- og opplevingsfremjande tiltak i kommunen i 2023. Løyvinga skal skje på bakgrunn av innkomne søknadar og vedtekne retningslinjer.

I innsendt søknad søker Vaksdal sokneråd om kr. 15 000,- i tilskot for å dekkje kostnader med innkjøp av flygel til bruk i Vaksdal kyrkje i ulike samanhengar.

Flygelet kosta kr. 216 000, og søknaden om tilskot utgjer 7 % av innkjøpskostnaden.

Kommunedirektøren har vurdert søknaden etter gjeldande retningslinjer, og finn ikkje grunnlag for å tilrå løyving av midlar. Dette er knytt opp mot eigarskap til – og plasseringa av – flygelet. I dette høvet vurderer Kommunedirektøren at soknerådet som søker, ikkje fell inn under lag og organisasjonar som midlane er meint for. Innstillinga er difor at tiltaket ikkje innfrir vilkåra for løyving i tilstrekkeleg grad, sjølv om flygelet vil bli nytta ved arrangement/samlingar i den lokale kyrkja.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i bygdeutviklingsmidlar til fordeling i 2023. Utvalet fordeler midlar på bakgrunn av innkomne søknadar, etter innstilling frå Kommunedirektøren. «Mars-omgangen» er den første av to tildelingsrundar.

I søknad av 03.02.23 søker Vaksdal sokneråd, v/ Grete Loftheim Dale, om kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å finansiere innkjøpt flygel for bruk ved ulike arrangement i Vaksdal kyrkje. Soknerådet er knytt til Vaksdal kyrkjelege fellesråd i Den Norske Kyrkja.

Det er soknerådet som har teke på seg ansvaret for å kjøpe inn - og finansiere - flygelet, i følge søker. Innkjøpskostnadane var kr. 216 000, og er fram til no, delfinansiert gjennom ulike kjelder, både i offentleg og privat regi, sjå oversyn i søknad. Det manglar framleis kr. 78 000,- for å dekkje innkjøpet, og det vert no arbeid med ei fullfinansiering. I dette høvet utgjer søknaden om bygdeutviklingsmidlar 7 % av total kostnad.

Det går fram av søknaden at flygelet skal vere ein ressurs for bygda, og til glede for dei som vitjar kyrkja. Mellom anna ved ulike konsertar, med song og musikk. Fleire arrangement er allereie haldne. Flygelet skal kunne nyttast av både profesjonelle og amatørar, i følge søker.

For nærare informasjon vert det vist til vedlagt søknad, med finansieringsoversyn.

Formelt grunnlag:

- «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling», vedtekne 26.05.20.

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Vurdering og konsekvensar:

I følge kommunen sine retningslinjer skal tilskotsordninga brukast til ålmennyttige føremål, og medverke til aktivitet i bygdene som kjem mange til gode.

Søknaden er tilstrekkeleg opplyst for sakshandsaming og vedtak etter retningslinene.

Retningslinene seier at friviljuge lag/organisasjonar, private aktørar og verksemdar kan søkje om tilskot. I dette høvet høyrer Vaksdal sokneråd til Den norske kyrkja. Samansetjinga består av soknepresten og valde representantar av personar med røysterett i soknet. I denne samanheng kan det reisast spørsmål ved om soknerådet er ein organisasjon som bygdeutviklingsmidlane er meint for.

Bruken av flygelet vil gje mange av dei same verdiane som bygdeutviklingsmidlane skal fremje, og medverke til arrangement og opplevingar i bygda. Stor, lokal oppslutning og dei mange pengegåvene frå private i samband med innsamlinga av midlar, viste eit breitt engasjement kring innkjøpet. Tilskotet det vert søkt om er også lite, og i følgje retningslinene for tilskotsordninga kan det gjevast stønad til materiell og utstyr.

Likevel vert tiltaket vurdert å vere på sida av intensjonen med bygdeutviklingsmidlane, både ut frå kven som søkjer og tiltakets innhald/karakter, sjølv om grensegangen kan vere vanskeleg å trekkje. Flyget vert i dette høvet vurdert som eit «fast» og naturleg inventar i kyrkja, som del av vanleg «drift». Vurderinga er difor at det bør søkjast andre kjelder enn bygdeutviklingsmidlane for å finansiere innkjøpet. I dette høvet er Den norske kyrkja ein stor organisasjon, med egne budsjettmidlar. Vidare er oppfatninga at bygdeutviklingsmidlane i større grad er meint for ideelle organisasjonar og friviljuge lag. Ei løyving ville også kunne opne for tildeling av midlar i liknande saker, med premissgjevande verknad. Kommunedirektøren finn det difor naturleg å setje eit skilje ved gjeldande søknad, og å ikkje tilrå ei løyving.

Ut frå ei samla vurdering finn ikkje Kommunedirektøren grunnlag for å løyve bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av nytt flygel til Vaksdal kyrkje.

Fra: Vaksdal sokneråd <vaksdalsokneraad@gmail.com>
Sendt: fredag 3. mars 2023 20:35
Til: Tore Henrik Øye
Emne: Ad søknad om bygdeutviklingsmidlar
Vedlegg: Ad søknad om bygdeutviklingsmidler.docx; Om Vaksdal sokn og sokneråd.pdf

Her er moment som ikkje er kome fram i handsaminga. Sjå vedlegg.

for Vaksdal sokneråd
Grete Loftheim Dale
leiar



DEN NORSKE KYRKJA

Vaksdal sokneråd



Foto: Rita Haagenvik Fylkesnes

Vaksdal kyrkjelyd



Kva i all verda gjer eit sokneråd?

Alle sokn vel sine egne sokneråd. Desse skal vera med og leggja til rette for både gudstenester og all anna verksemd i soknet.

Sjølv om vi har både prestar og mange andre tilsette, som får løn for arbeidet sitt, er det rom for mykje arbeid ut over det som dei tilsette har kapasitet til. Kommunen skal dekkja mange utgifter, men som alle veit, er det tronge tider også i vår kommune.

Dei tilsette vert løna av offentlege midlar, men skal vi få til noko av alt det vi ønsker, må fleire trå til.

Og her er det soknerådet kjem inn med sitt omfattande og spanande ansvar for mellom anna:


- Planarbeid for kyrkjelydsarbeidet
- Støtte til dei tilsette
- Dugnadar – både inne og ute
- Informasjonsarbeid
- Konfirmantarbeid
- Handsaming av saker som gjeld kyrkja lokalt og sentralt
- Økonomistyring for arbeidet i soknet
- Tilbod for born fram til konfirmasjonsalder
- Konfirmantjubileum
- Kyrkjemusikk og konsertar
- Juleverkstad
- Juletefest
- Sosialt treff på måndag føremiddag
- Bibeltimar
- Kjøp av flygel til Vaksdal kyrkje
- Kyrkjekaffi
- Misjonsengasjement – støtte til Himalpartner
- Fitjavass-stemna – vi møttest med Samnanger sokn til utegudsteneste i juni

Glimt frå dugnadsarbeidet dette året

Flygelet er på plass i kyrkja (men framleis ikkje finansiert....)



Sakristiet er pussa opp



Og no står våpenhuset
for tur



Dette er noko av det som står på programmet i tida framover

- **Gudstenester**

- 13. november kl 16.00
Familiegudsteneste
- 27. november kl 19.00
Lysmesse med konfirmantane
- 24. desember kl 16.00
Julegudsteneste
- 25. desember kl 12.00
Høgtidsgudsteneste
- 31. desember kl 23.15
Midnattsmesse



- **Tilbod til born onsdagar annankvar veke (partallsveker)**

- Baby- og småbornssong kl. 11.30
- Etter skuletid for 5. – 7. trinn, kl. 14.00
- Knøttesong 2 – 5 år, kl. 17.00
- Onsdagsklubb for 1. – 4. trinn, kl. 18.00

- **Måndagstreff i konfirmantrommet kvar måndag kl. 12.00 -13.30**
- **Bibeltime i konfirmantrommet 15. november kl. 19.00**
- **Konsert 1. desember kl. 19.30 til inntekt for flygelet, med m.a. Frida Amundsen**
- **Juleverkstad for born 26. november kl. 11.00 (i Bedehuset)**
- **Adventskonsert søndag 18. desember kl. 19.00**
- **Juletreff i Bedehuset 7. januar kl. 16.00**

Ad søknad om bygdeutviklingsmidlar

Viser til omtale i VP der det går fram at kommunedirektøren har tilrådd avslag på stønad til flygel. Han uttaler at flygel er eit fast og naturleg inventar i kyrkja og ein del av vanleg drift. Han uttaler og at «kyrkja er ein stor organisasjon med egne budsjettmidlar» og at «bygdeutviklingsmidlane i større grad er meint for ideelle organisasjonar og friviljuge lag». Han meiner «det bør søkjast andre kjelder ...».

Litt om historia bak kjøp:

Flygelet vart kjøpt etter innspel frå musikkmiljøet i bygda. Kyrkja har svært god akustikk og er godt eigna til musikalsk framføring, men pianoet var ikkje funne godt nok. Ein lokal musikar ønska å selje eige flygel, og soknerådet sin flygelkomité, inkludert organist, fann det særst godt eigna. Seljar var tolmodig og venta ei stund, men hadde etter kvart trong for å få da selt. Det vart derfor til at det vart privat finansiert i påvente av andre midlar.

Kyrkja har ikkje midlar til eit slikt innkjøp. Fellesrådet skal dekke vedlikehald av kyrkjebygget, men har for lite midlar. Sakristi, våpenhus, konfirmantrom, gong og toalett i Vaksdal kyrkje er siste år pussa opp på dugnad. Fellesrådet har dekkja ein god del av materielle utgifter til maling og liknande. Det kyrkja elles dekker er dei tilsette sine lønningar, prest, organist, trusopplærar, kyrkjetenar. Dels har folk i frå soknerådet vikariert som kyrkjetenar gratis. Her er 7 kyrkjer og relativt få tilsette i Vaksdal. Soknerådet sine gjeremål er frivillig aktivitet, sjølv om det er valde medlemmer. Midlar kjem uavkorta frå ofringar og frivillige gåver. Slik lagar vi mellom anna kyrkjekaffi, måndagstreff med ein kaffikopp, servering til bibeltimar, juletreff, tilstelling for 50 – og 60års konfirmantar. Soknerådet bidreg og i konfirmantarbeidet og i trusopplærar sitt arbeid. Kyrkja var og representert på «Frivilligdagen» i Turbinen 5/11-22.

Flygelet i Dale kyrkje er det og soknerådet der som har stått for - ikkje kyrkja sentralt. Det vart i stor grad finansiert ved søknader til lokalt næringsliv.

Vaksdal sokneråd har sendt mange søknader m.a. til lokalt næringsliv, bank og liknande. Vi har motteke eitt bidrag på kr. 2000,- frå ein lokalt næringsdrivande.

Ordning med OVF – midlar (frå Opplysningsvesenets fond) som ein kunne søke på, vart det slutt på i løpet av siste året. Vi kjenner ikkje til andre ordningar vi kan søke til.

Soknerådet har til no fått inn ca. 65% av midlane som trengs for å kjøpa flygelet. Kommunen har gjeve tilsegn om kr. 5000,-. Soknerådet har selt eit prospekt frå det gamle orgelet, noko som gav kr. 12.000. Elles er midlane frå konsertar, ofringar og frivillige gåver frå privatpersonar.

Soknerådet fekk tilbod om å arrangere konsert i Vaksdal kyrkje med klassisk musikk ved pianist og cellist til sumaren. Soknerådet valde å takka nei då vi var svært usikre på om billettinntekter ville kunne dekkja honoraret til muskarane.

Leiar og nestleiar i Vaksdal sokneråd vil peike på:

- 1) At mykje av arbeidet i soknet i realiteten er frivillig arbeid sjølv om det handlar om «Den norske kyrkje».
- 2) At flygel ikkje er eit naturleg fast inventar i kyrkja. Som eit tillegg til kyrkjeorgelet vil flygelet bidra positivt både under kyrkjelege seremoniar, gudstenester og til kulturlivet i bygda. Vaksdal kyrkje var bygd i 1933 og har fram til no hatt piano, ikkje flygel.
- 3) At soknet ikkje har eigne budsjettmidlar til innkjøp av flygel.
- 4) Innkjøp av flygel til Vaksdal kyrkje er ei investering for framtida som vil kunne bidra til **utvikling** av mellom anna musikk og kulturliv.